

Bergen 24. april 2024

Skriftleg innspel til forslag til Nasjonal Transportplan 2025-2036

Vi synes til framlagt melding om Nasjonal Transportplan 2025-2036.

Næringsalliansen Vestland har følgjande hovudinnspel til prioriteringane i forslaget:

- Transportkostnadane på Vestlandet er høgare enn hjå våre konkurrentar, nasjonalt og internasjonalt. Dette må jamnast ut for å sikre verdiskaping, utvikling og jobbar.
- Det er heilt avgjerande å tenke langsiktig. vi vil legge vekt på at prosjekt som alt er inne i gjeldande NTP må verte realiserte før det vert sett inn nye.
- Den økonomiske ramma må aukast vesentleg utover det som er skissert i forslaget.
- Europavegane på Vestlandet og Bybanen i Bergen er særleg viktig å framheve.
- Vedlikehaldsetterslepet er framleis stort, og må reduserast i perioden både på fylkes-, riksveg og jernbane.
- Planen må ha som ein tydeleg ambisjon å redusere utslepp fra transportsektoren.

Ein plan for større verdiskaping, velferd og jobbskaping

Vestlandet har i dag store manglar innan samferdsle. Vi har ikkje ein ferjefri sambandsakse nord-sør, vi manglar eit naudsnyt og velfungerande transportsystem i Norges nest største by, og vi manglar ein trygg, effektiv og rassikker transportakse aust-vest. Dette gir store og vedvarande utfordringar.

Transporten er uthygg, dyrare, mindre effektiv - og store ressursar går tapt. Det medfører større kostnadar, fleire ulukker, mindre verdiskaping og mindre velferd på grunn av manglande og dårlig vedlikehaldene infrastruktur. NTP bør vere ein plan for å redusere transportkostnadar i form av ulukker, ventetid, reisetid og utslepp, og planen bør legge grunnlag for vekst.

Det er viktig å gjennomføre prosjekt som er i prosess

Vi vil sterkt åtvare mot å ta ut prosjekt som er ikke i gjeldande NTP. Samferdsleprosjekt har lang planleggingstid gjennom kompliserte planprosessar og kvalitetssikringar. Gjennom disse prosessane vert prosjekta forma, prosessane skapar forventningar, og det vert lagt ned store ressursar i gjennomføringa. Resultatet er kompromiss med stor lokal og regional deltaking, og avklaringar som gjer prosjekta betre og klare for bygging. Omkampar og plutselege reverseringar vil skape store utfordringar, ikkje minst i høve til prosessane sin legitimitet.

Den økonomiske ramma må aukast

Ramma som er skissert i regjeringa si innstilling er altfor låg til å løyse dei helt prekære og grunnleggjande transportutfordringane på Vestlandet. Ramma må aukast slik at dei viktigaste prosjekta, i det minste dei prosjekta som alt er i gjeldande i NTP kan verte realisert.

Om jernbanesatsinga

Vi vil peike på framdrifta i ERTMS-prosjektet. Store delar av Bergensbanen skulle hatt systemet frå 2023. No vert det snakka om 2028. Arbeidet med revidering av signalplanen er i gong. Vi fryktar utsetjingar av nytt signalsystem og konsekvensane av det. Dagens signalsystem er utdatert og sårbart. Full effekt får vi ikkje før heile Bergensbanen har ERTMS. ERTMS er viktig for tryggleiken, men også for å kunne utnytte infrastrukturen meir effektivt.

Vi vil også understreke at Ringeriksbanen er viktig for å kunne gi toget større konkurransekraft. Den gir også større redundans i togssystemet og kortare reisetid. Det siste er viktig for å gi tryggare og meir føreseieleg framføring av personar og gods ved planlagt vedlikehald og uventa hendingar.

Ein plan for lågare utslepp

Ny NTP må legge til rette for lågare klimautslepp. Det vil mellom anna innebere ei investering i infrastruktur for lading og nullutsleppsdrivstoff for næringskøyretøy. Langs hovudårene og i større byar og tettstader må der vere tilgjengeleg ladeinfrastruktur som sikrar at det er mogleg å transformere til utsleppsfree næringstransport.

Byvekstatalane er ein viktig del av dette. Desse må sjå byregionen som ein heilskap. Her er det særleg viktig å sjå vegsystemet i samanheng. Ulike vegeigarar må ikkje skape hindringar for å byggje ut klimavenlege, trafikksikre og heilskaplege løysingar.

Beste helsing



Espen Børhaug

Næringsalliansen Vestland

918 45 600

espenn@bergen-chamber.no

Næringsalliansen Vestland blei stifta i 2008. Alliansen er eit nettverk samansett av 17 næringsforeiningar i Vestland. Saman representerer dei meir enn 3000 bedrifter og 150.000 arbeidsplassar og er ein viktig aktør når det gjeld næringsutvikling i heile fylket.